

## **Årsmelding for Hella bedehus, 19. mars 2017**

Årsmøtet i fjar vart halde 6. mars. Frammøtet var om lag slik det har vore dei siste åra, 10 stk.

2016 vart eit år med mange ting å gle seg over.

Frammøtet av vaksne til ulike aktivitetar på bedehuset har ikkje vorte mindre, og i Aktivitetsklubben hadde vi framleis ein kjerne på 15- 20 «faste» deltagarar, og ein del som kjem ofte eller av og til. Opplegget er det same som før, med to aldersgrupper første delen, og fellesaktivitetar siste delen. Frå 2016 innførte vi medlemspengar for klubbmedlemene. Leiarteamet har vore uendra. Er alle til stades samstundes, er vi 8 vaksne.

Den tradisjonelle familiejulefesten 3. januar, drog det nye året i gang med god, men litt mindre oppslutnad enn tidlegare.

Julefesten med Frelsesarmèen sitt korps i Ladegården vart avvikla veka etter.

Talet samlingar på bedehuset utanom Aktivitetsklubben vart 20, medrekna 17.maifest og sommarbasar.

Song- og musikkmøta ved bymisjonærane og songkoret Jabel samla som vanleg mykje folk. Til påskemåltidet palmesøndag, og 17.mai-festen der Rolf Sylta var festtalar, var også frammotet godt. Likeeins til Frelsesarmèen sitt påskemøte 2. påskedag.

Frammøtet til dei tre basarane var som vanleg svært bra, og inntekta frå Sommarbasaren passerte 100.000 kr også i 2016.

Utanom Myntevik og Vindenes har talarane elles i året har vore Audun Hjellvik, Reidun Skurtveit og Christian Skoge frå Indremisjonen, og Bergfrid Almelid og Liv Bakke frå Misjonssambandet.

13. april var Reidun Skurtveit med på husmøte i Neset. Det freista til gjentaking.

Bedehuset har vorte nytta til både konfirmasjonsfest, fødselsdagsfeiringar og minnesamvær i året som gjekk. To konfirmantar er booka inn våren 2017.

At mange av borna i Aktivitetsklubben ønskjer å feira fødselsdagen sin her, er svært gledeleg.

Styret har berre hatt tre styremøte i 2016, medan det praktiske arbeidet utanfor huset har vore større enn nokon gong.